		Endeleg
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Miljøvernavdelinga	VARSLA INSPEKSJON ved Måløy Sildoljefabrikk AS	RAPPORT

Verksemda si adresse:	6718 Deknepollen	**Arkivkode:**	08/ 2349
Organisasjonsnr.	977 027 373	**Dato for kontrollen:**	18.06.2008
Lovverk:	Ureiningslova med forskrifter. Utsleppsløyve.	**Risikoklasse:**	2
FMVA si kontrollgruppe:	Gøsta Hagenlund Grete Haugan	**Tilstades frå verksemda:**	**Øyvind Stang** **Arve Hjelle** **Rune Gangsøy**
EMAS-registrert:	Ja ☐ Nei ☒ Dato:	**ISO 1400 sertifisert:**	Ja ☐ Nei ☒ Dato:

Innhald i rapporten:
Denne rapporten omhandlar dei avvik og merknader som vart funne innan dei kontrollerte områda av det systematiske helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet (HMS) i verksemda.

Eit hovudtema under kontrollen var verksemda si oppfølging av utsleppsløyve datert 24.10.2007. Kontrollen omfatta også synfaring ved anlegget.

Hovudkonklusjon:
Det vart påvist 1 avvik og gitt 3 merknader i høve til HMS-lovgivinga som gjeld ytre miljø. Avviket omtalar:

* Verksemda har ikkje gjennomført luktmålingar innan fristen.

Oppfølging etter kontrollen:
Fylkesmannen pålegg verksemda å gje ei skriftleg tilbakemelding som gjer greie for dei tiltaka som er gjennomførte og eventuell tidsplan for ytterlegare tiltak for å rette opp avvik. Verksemda blir bedt om å kommentere det tilhøva som er omtalt som merknader.

Frist for skriftleg tilbakemelding er: 15.09.2008

Pålegget om skriftleg tilbakemelding er gjeve med heimel i forureiningslova § 49. Vedtaket kan påklagast innan 3 dagar etter at pålegget er motteke, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast Fylkesmannen.

Utarbeidd dato: **04.07.2008**

For FMVA: Grete Haugan
inspektør

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Måløy Sildoljefabrikk AS 18.juni 2008.
Kontrollen inngår som ein del den kontrollaktiviteten som fylkesmannen si miljøvernavdeling i Sogn og Fjordane har planlagt for dette året.

Bedrifta fekk nytt utsleppsløyve 24.10.2007, og målet med inspeksjonen var å gå gjennom vilkåra for løyvet og vurdere verksemda si oppfølging av desse.

Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader som vart avdekt.

Vi vil gjere merksam på at alle sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø *ikkje* vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

AVVIK vert definert som brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova, forskrifter til lova, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
MERKNAD er definert som tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

2. Dokumentgrunnlag

Særleg viktige dokument for kontrollen var ureiningslova med forskrifter og bedrifta sitt utsleppsløyve datert 24.10.2007.

3. Avvik

Følgjande avvik vart funne:

Avvik 1: Verksemda har ikkje gjennomført luktmålingar innan fristen.

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 24.10.2007.

Kommentar: I samsvar med krav i tidlegare løyve gjennomførte bedrifta 05.04. 2006 luktmålingar. Luktutsleppa ved avdelinga i Deknepollen låg då vesentleg over utsleppskrava. Etter at desse målingane var gjennomført er fabrikken bygd om, og verksemda har fått nytt utsleppsløyve. Luktgrensa på 15 LE/m^3 vart ikkje endra i det nye utsleppsløyvet, men bedrifta vart pålagt å gjennomføre nye luktmålingar innan 1.april 2008 for å dokumentere at luktutsleppa ved full produksjon ligg under krava i løyvet. Dette er ikkje gjort.

4. Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1: Verksemda har ikkje gjennomføre ei miljørisikoanalyse.

Kommentar: I utsleppsløyvet punkt 10 vert det sett krav om førebyggande tiltak og beredskapstiltak mot akutt ureining. Verksemda skal gjennomføre ei miljørisikoanalyse av aktiviteten sin. Verksemda skal vurdere resultata i forhold til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt ureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast.

Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan medføre akutt ureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på verksemda sitt område eller utanfor.

Dei store ombyggingane på anlegget er no ferdige, og då bør dette gjennomførast snarast råd. Under kontrollen vart lagertankar for kaustisk soda og eddiksyre kommentert, og risikoen rundt denne lagringa er eit viktig punkt i ei slik analyse.

Merknad 2: Verksemda må kunne dokumentere at grenser for utslepp og støy vert overhalde.

Kommentar: I utsleppsløyvet er det sett grenseverdiar for utslepp til vatn, luft og for støy. Som ein del av internkontrollen må bedrifta ha rutinar for å gjennomføre målingar, slik at de til ei kvar tid kan dokumentere at drifta er i samsvar med krava i løyvet.

For utslepp til luft bør målingar gjennomførast no når ombygginga er ferdig, og seinare ved behov, t.d. ved endringar i driftsforhold eller produksjonsmengder, endra fyring/energiberar eller liknande. Dersom målingar syner at utsleppa ligg over grenseverdiane, må dette avvikshandsamast, tiltak må setjast i verk og nye målingar gjennomførast.

For utslepp til vatn vil det vere behov for jamlege målingar for å sikre at drifta til ei kvar tid er i samsvar med utsleppskrava. Bedrifta har interne rutinar om minimum 6 målingar pr. år ved full produksjon.

Bedrifta må og kunne dokumentere at aktiviteten vert driven i samsvar med dei støykrava som er sett i løyvet.

Merknad 3: Bedrifta har ikkje dokumentasjon på at sjøvassvasking er beste tilgjengelege teknikk (BAT).

Kommentar: Måløy Sildoljefabrikk AS er omfatta av IPPC-direktivet. Dette medfører at beste tilgjengelege teknikkar (BAT) skal takast i bruk for å førebyggje ureining. Sjøvassvasking er mykje nytta, og er akseptert som ein effektiv og godt eigna reinsemetode i bransjen. I og med at sjøvassvasking ikkje er i samsvar med "Reference Document on BAT in the Slaughterhouses and Animal By-product Industries, May 2005", må bedrifta gjere greie for kvifor dei ønskjer sjøvassvasking og dokumentere at dette er beste tilgjengelege teknikk (BAT).

5. Andre tilhøve

7.1 Byggeavfall.

Delar av administrasjonsavdelinga var under ombygging under kontrollen. I samband med dette stod det ein avfallscontainer med blanda bygningsavfall og diverse anna avfall utafor bygget.

Frå 1. januar 2008 gjeld ei ny forskrift om byggeavfall (Avfallsforskrifta, kap.15), med krav om kjeldesortering av byggavfall og innlevering av avfallsplanar og sluttrapportar i byggesaker. Kravet om avfallsplan gjeld for nybygg over 300 kvadratmeter bruksareal og for riving eller rehabilitering av bygg som overskrid 100 kvadratmeter bruksareal. For alle tiltak vert det sett krav om at minst 60 vektprosent av avfallet skal sorterast på byggeplassen.

Både byggeigar og entreprenør har ansvar for at desse krava vert følgde. Det er kommunen som skal godkjenne avfallsplanar og følgjer opp krava i denne forskrifta.

7.2 Utnytting av spillvarme

I utsleppsløyvet er det sett krav om at verksemda i størst mogeleg grad skal utnytte overskotsvarme frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige område leggje til rette for at overskotsvarme skal kunne nyttast eksternt med mindre det kan gjerast sannsynleg at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogeleg.

Det er ved ombygginga av anlegget lagt til rette for noko utnytting av overskotsvarme, men framleis går mykje energi til spille. Dette er eit område bedrifta må ha fokus på framover, og de må med jamne mellomrom gjere nye vurderingar av kva for tiltak som er teknisk eller økonomisk mogeleg.